

# Bli kjent med Preg Tryggheimvegen.

Ein "ABC" til deg som lurer litt....

<b>A</b>	<p><b>Adresse.</b> Tryggheimvegen 20, 4365 Nærø</p> <p><b>Aksje-selskap.</b> Preg barnehager Tryggheimvegen AS er eit enkelståande føretak frå 01.01.2023. Me er med i det store Preg barnehager-selskapet. Her er det totalt 43 barnehagar frå Mandal i sør til Finnsnes i nord. Dagleg leiar av Preg barnehager er stasjonert i Oslo.</p> <p><b>Aldersbestemte grupper.</b> Organiseringa av barnegruppene har vore ulik opp gjennom åra. Komande år vert det ei avdeling med barn født 2019 ei avdeling barn født 2020, ei avdeling barn født 2021 og 2022 og ei avdeling barn født 2022 og 2023.</p> <p><b>Ansvar.</b> Barnehagen teiknar ulykkesforsikring for barn som har fått plass i barnehagen. Forsikringa gjeld heile døgnet. Personalet har ansvar for barna frå levering til henting Dersom andre enn de sjølv skal hente barnet, skal personalet ha beskjed anten direkte eller pr. telefon. Personalet kan ikkje ta med barna i bil utan skriftleg løyve frå foreldra.</p> <p><b>Avdelingar.</b> Tryggheim barnehage er i utgangspunktet ein 4-avdelings barnehage med 2 avd. 0-3 år og 2 avd. 3-6 år. PERLENE: 1-2 → her er det ei gruppe med ca.12 barn pr.dag, født 2022 og 2023 BLOMANE: 2-3 år → her er det ei gruppe med ca. 18 barn pr. dag, født 2021 og 2022 STJERNENE: 4-5år → her er ei gruppe med ca. 18 barn pr. dag, alle født 2020 SOMMARFUGLANE: 5-6 år→ her er det ei gruppe med ca. 16 barn pr. dag, alle «skulebarn».</p>
<b>B</b>	<p><b>Barnehageplass.</b> Ein søker om barnehageplass ved i gå inn på Hå kommune si heimeside. Her må ein òg registrere endringar eller oppseiing av plassen. SØKNADSFRIST 1. MARS Barnehageplassen har ein til barnet byrjar på skulen. Ein treng ikkje søkja kvart år og ein treng ikkje seie opp plassen når barnet skal over i skule.</p> <p><b>Barnemedverknad.</b> Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på "barnehagedagen". Me prøver å ta utgangspunkt i korleis barna uttrykkjer seg; dei yngste mest kroppsleg og dei eldste mest verbalt. Me er opptekne av at barna skal takast på alvor når dei gir uttrykk for kjensler og ein skal vise respekt for intensjonar og opplevingsverder. For at barna skal kunne medverke må det vere god kommunikasjon mellom barn og vaksne og me prøver å organisere barnehagen slik at ein har tid og rom for medverknad.</p> <p><b>Betaling.</b> De vert fakturerte for barnehageplassen etter gjeldande maksprisar. De får no faktura sendt på mail. Betalingsfrist er pr. 15. kvar mnd. Barnehagen følger dei kommunalt vedtekne satsane for foreldrebetaling, og har i tillegg eit månadleg tillegg for kost. Dette kosttillegget er uavhengig av inntektsgraderinga. Dersom ein har rett på gradert betaling ut frå inntekt må dette gjerast på Hå kommune si side, <a href="http://www.ha.no">Søk om lågare pris på grunn av låg inntekt - Hå kommune (www.ha.no)</a></p>

	<p>Det er 11 betalingsterminar i året. Ein betaler for ½ august når ein startar og ½ august når ein sluttar</p> <p><b>Brannøving.</b> Kvarthår gjennomfører me brannøvingar i barnehagen. Personalalet må kvart år repetera handtering av pulverapparat/skumapparat og brannslange.</p> <p><b>Brukundersøking.</b> Me gjennomfører brukundersøking ca. ein gong kvart 2. år. Undersøkinga er laga av Udir og er same undersøkinga som blir gjort i dei kommunale barnehagane. På den måten har me gode "referansar" å måle oss etter.</p>
<b>C</b>	<p><b>Celsius.</b> I Tryggheim barnehage ynskjer me at barna skal være mykje ute. Me vil at barna skal verta glade i naturen og vil gje dei moglegheiter for mange gode opplevingar. Barnehagen tek sjølvsagt omsyn til barnet når vèret gir ekstra utfordringar. Dei tilsette i barnehagen hjelper gjerne med rettleiing for riktige klede for barna, slik at barna får ei positiv oppleving av utetida. Barna sòv ikkje i vogner i utesoveroma dersom det er kaldare enn -10°C</p> <p><b>Coop, Mega.</b> Barnehagen bestiller mat frå Matvareexpressen og Coop, Mega. Dei er svært hjelpsame og kjem med maten på døra. Dette må me betale litt for, men det sparar personalalet for utruleg mykje, så det er vel verdt den investeringa. Dei passar godt på oss òg. Det har hendt at det har vore feil med faxen og då har dei ringt og etterlyst bestillingslista vår.</p>
<b>D</b>	<p><b>Dagsrytme.</b> Me prøver å ha ein fleksibel dagsrytme, men likevel nokre faste haldepunkt. Me har frukost mellom kl. 8.00 og 8.30 og føremiddagsmat ca. kl. 11.00. Me har òg eit 3. måltid ca. kl. 13.45</p> <p><b>Digitale verktøy.</b> Barnehagen har diverse digitale verktøy men bruker lite tid til å lære barna å meistre desse. Litt opplæring i bruk av PC inngår i det skuleførebuande opplegget og kanskje ein og annan tilfeldig gong i tillegg. Tida i barnehagen vert prioritert til leik med fokus på sosial meistring.</p> <p><b>Driftsavtale.</b> Barnehagen har driftsavtale med Hå kommune og er med i eit samordna opptak.</p> <p><b>Dugnad.</b> De vil frå tid til anna få førespurndad om å stille på dugnad. Me har hatt tradisjon for å ha ein større dugnad på føresommaren.</p>
<b>E</b>	<p><b>Eigarstyre.</b> Det øvste organet i barnehagen er eigarstyret. Her sit 3 representantar oppnemnt av eigar. . Frå 01.01.2024 har det vore eit felles eigarstyre for Preg Frøyland og Preg Tryggheimvegen. Det er utarbeida eigne instruksar for eigarstyret. Styrar i barnehagen er med som saksbehandlar og referent.</p> <p><b>E-post.</b> Styrar si e-postadresse: <a href="mailto:tryggheimvegen@pregbarnehager.no">tryggheimvegen@pregbarnehager.no</a></p>
<b>F</b>	<p><b>Feber.</b> Barna skal ikkje være i barnehagen dersom dei har feber. Får barna feber i løpet av dagen i barnehagen, vert de foreldre kontakta. Ved spesielle høve kan personalalet gje febernedsetjande med, men dette er då sjølvsagt avklart med foreldre. (Nokre barn får fort feberkrampe og ein må kanskje gje febernedsetjande fort for å førebygge)</p> <p><b>Felles-samling.</b> Innimellan samlar me alle borna til ei felles-samling. Innhaldet i samlingane varierer og ansvaret går på "omgang". Me har ofte felles-samlingar i forbindelse med «feiringar» som t.d. jul kor me har «nissefest». KJEMPEKJEKT.....men litt skummelt for dei minste i starten</p>

	<p><b>Ferie.</b> Alle barna skal ha 4 veker ferie i løpet av året, 3 veksler samanhengande om sommaren, i tidsrommet 20. juni til 20. august(ca.). Den 4. veka kan ein ta som enkelt-dagar. Barnehagen er stengd dei to siste vekene i juli, (som regel veke 29 og 30.) Alle feriar skal meldast i god tid for å kunne planlegge ei fornuftig drift. Dei 5 planleggingsdagane i løpet av året vert rekna som den 5. ferieveka.</p> <p><b>Foreldresamtalar.</b> I løpet av barnehageåret vil de få tilbod om foreldresamtale. For nye barn har me ein samtale ganske snart etter oppstart. Elles gjennomfører me som regel ein om hausten og ein om våren. Dei som ynskjer fleire samtalar får sjølvsagt moglegheit til det. Gjennom foreldresamtalane får personalet orientere om barnet si utvikling og ein legg grunnlag for ei felles målsetjing for det einskilde barnet</p> <p><b>Foreldresamarbeid.</b> Barnehagelova seier ”sikre barna gode utvikling –og aktivitetsmogleheter i NÆR FORSTÅING MED BARNA SIN HEIM”. Dette krev eit godt samarbeid mellom desse to miljøa. Målet vårt er å styrke samarbeidet mellom barnehage og heim til beste for barnet. Ulike former for samarbeid i barnehagen vår:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Foreldremøter</li> <li>• Foreldresamtalar</li> <li>• Foreldrekaffi/frokost/utstillingar/sommarfestar</li> <li>• Dugnad</li> <li>• M.m</li> </ul> <p><b>Foreldreråd, FAU.</b> Etter barnehagelova §4 skal barnehagen ha eit foreldreråd som består av alle foreldre i barnehagen. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval FAU som i følge lova skal ta initiativ til dugnader i barnehagen og hjelpe til med å gjennomføra desse. Intensjonen med foreldreråd og òg samarbeidsutval er at desse organa har høve til å ivareta foreldregruppa sin kontakt med barnehagen og sikra deira medverknad.</p> <p><b>Forventningsdokument.</b> FAU har utarbeida eit forventningsdokument som tek føre seg deira forventningar til barnehagen. Likeeins har personalet utarbeida eit dokument som tek føre seg deira forventning til foreldra/føresette.</p> <p><b>Fødselsdagsfeiring.</b> Det varierer litt korleis dette vert gjort. De får nærmere informasjon frå dykker avdeling om korleis dei gjennomfører dette.</p> <p><b>Fyrstehjelp.</b> Personalalet deltek med jamne mellomrom på 1.hjelpskurs. Kvar haust har me ein ”oppfriskningsrunde” slik at dei alltid er klare til å handla om det skulle oppstå krisesituasjoner.</p>
<b>G</b>	<p><b>Gymsal.</b> Barnehagen får nytte seg av gymnastikksalen på Tryggheim vidaregåande skule. Me går i gymsalen med grupper på ca. 15-20 stk.</p> <p><b>Grua.</b> Me har ei flott grue i barnehagen. Den har me lov å fyre opp i utan å gje melding til brannvesenet kvar gong. Etterkvart håper me at me kan verta flinke til å lage mat på den store ”panna” vår.</p>

<b>H</b>	<p><b>Heimeside.</b>          Barnehagen si heimeside finn de her: <a href="https://pretryggheimvegen.barnehage.no/">https://pretryggheimvegen.barnehage.no/</a>          Heimesida er ein del av PBL Mentor Kidplan som er vår kommunikasjonsverktøy ut mot dykk foreldre. Det ligg ikkje så mykje på sjølve heimesida men mykje meir på sjølve Kidplan-området.</p> <p><b>Historie.</b>          Tryggheim barnehage har vore i drift sidan 1979. Han vart starta som ein korttidsbarnehage og var open 4 timer pr. dag med plass til 20 barn. Lokala var då i ein tidlegare lærarbustad i eit av internatbygga ved Tryggheim vidaregåande skule.          Samfunnet har vore i stor endring sidan den gongen og dermed òg behovet for ei lengre opningstid i barnehagen. Dette var uaktuelt i dei "gamle" lokala som mangla ventilasjonsanlegg og var etterkvert "utgått på dato".          1. september 2006 kunne me flytte inn i eit stort, flott, nytt barnehagebygg.</p> <p><b>HMS.</b>          Barnehagen har HMS system, PBLMentor, som er utarbeida av PBL. Dette systemet har alle tilsette tilgang til på sine private mobilar og det er tilgang til systemet på barnehagen sine avdelingsmobilar.</p> <p><b>Hygiene.</b>          For å førebygge/hindre spreiling av smittsame sjukdomar bruker me for det meste eingongsartiklar til t.d. stell av barna (våtserviettar, tørkepapir, stelleunderlag m.m) Elles har me òg montert desinfeksjonsdispenserar ulike stader på avdelingane.</p>
<b>I</b>	<p><b>Inkluderande arbeidsliv.</b>          Preg Tryggheimvegen er ei IA-bedrift.          I denne ordninga ligg det mange fordeler som t.d. rettleiing og hjelp i ulike situasjoner.          Me er forplikta til å ta imot personar som treng arbeidstrening.</p> <p><b>Internkontroll.</b>          For å sikre eit trygt og godt miljø for barn og vaksne er barnehagar pålagde å ha eit system for internkontroll.</p> <p><b>Ishall</b>          Me har mulighet til å benytte ishallen 4 timer pr. barnehageår. Det er «skule-barna» som blir prioriterte i dette høvet.</p>
<b>J</b>	<p><b>JA</b>          Me ynskjer å vera ein "ja"-barnehage. Dette betyr at me skal ha svært gode og gjennomtenkte grunnar for å seie "nei" til noko.</p>
<b>K</b>	<p><b>Kidplan.</b>          Me bruker PBL Mentor Kidplan som kommunikasjonsverktøy inn mot foreldregruppa. I dette systemet kan foreldre melde ifrå når barnet skal ha fri, ferie m.m og gi meldingar til barnehagen. Alle dokument som t.d. foreldresamtalar og observasjonar vert òg lagra i dette systemet.</p> <p><b>Klede.</b>          Det er viktig at barna alltid har med seg klede til å være ute i, og at det alltid er tilgjengeleg kledeskift. Barna kan bløyta seg ut både inne og ute. Å leike med vatn er alltid populært og gir barna mange opplevingar og erfaringar.</p> <p><b>Kosthald.</b>          Barnehagen legg til rette for eit sundt kosthald. Til brødmåltida serverer me ikkje kvitt brød, bare grovt og kneip. Me har heller ikkje søtt pålegg som sjokade, nugatti eller liknande. Det hender at me har syltetøy, men då helst til lappar eller vafflar.</p>

	<p><b>Kostpengar.</b> Foreldre betalar kr. 350,- (100% plass) pr. månad. Dette kjem i tillegg til betaling for barnehageplassen og det er ikkje søskenmoderasjon på desse pengane.</p>
L	<p><b>Lavvu.</b> Barnehagen har eigen lavvu som me kan ta med når me er på tur.</p> <p><b>Leir.</b> Kvart år i juni reiser alle 5-åringane(skule-barna) på «leirdag» til Holmavatn. Me tek av garde i buss i 9.30-tida og returnerer i 15.00-tida. Ein veldig kjekk dag med mange spanande opplevingar.</p>
M	<p><b>Mat og måltid</b> Barnehagen har 3 faste måltid, Morgonmat (fram til 08.30), og føremiddagsmat (11.00 til 11.30). Utover dette et me «mellemat» med frukt/knekkebrød/skive i 13.30- tida. Dersom barna vert svoltne i seinare på ettermiddagen får dei litt å ete, men dette vert alltid avklart med foreldra. Me lagar varm mat innimellom når det passar og har havregryn/mysli med biola til frukost eitpar dagar i veka. Havregrauten er òg veldig populær. Når me tenkjer matservering i barnehagen handlar det ikkje alltid om å lage «det me veit barna liker». Me lagar kanskje små porsjonar i starten slik at barna vert vane med smak og konsistens. Dette handlar om det me kallar MATMOT at barna torer smaka på ny mat, nye smakar utan å verte «tvinga» til å ete det.</p> <p><b>Medisin.</b> Dersom barna skal ha medisin i barnehagetida, må de foreldre fylle ut eit skjema som gir personalet tillating til å gjere dette.</p> <p><b>Merking av klede.</b> Hugs å merka kleda til barnet. Skjema for bestilling av merkelappar får de på avdelinga.</p> <p><b>Miljøretta helsevern.</b> Helsedirektoratet har gitt ut ei forskrift om «Miljøretta helsevern i barnehager og skoler». Denne forskriften skal bidra til «økt forståelse for og etterlevelse av krav i folkehelseloven og barnehageloven/opplæringsloven som kan gi alle barn/skoleelever et godt barnehagemiljø/skolemiljø». De finn dette dokumentet på barnehagen si heimeside eller evt. på direktoratet si side.</p> <p><b>Mobbing.</b> Me ynskjer at alle barna skal ha gode dagar med godt fellesskap og god leik med andre barn medan dei er i barnehagen. Innimellom opplever me at barn vert utesettende frå leik eller på andre måtar ekskluderte frå gruppa. Dette ser me svært alvorleg på og tek tak i dette så fort me kan. Samarbeid med dykk foreldre er svært viktig i desse utfordringane og me tek fort kontakt. I tillegg til HMS-dokumenta som omhandlar temaet har SU laga eit eige skriv om korleis me skal handtere mobbing i barnehagen.</p>
N	<p><b>NLM.</b> Misjonssambandet eig og driv Preg Tryggheimvegen.</p>
O	<p><b>Oppstart.</b> For at barna skal få ein god start på «barnehage-livet» har me stort fokus på oppstart-perioden. Me har utarbeida ein eigen plan for desse første dagane i barnehagen og det er viktig for oss at me har ein god dialog om dette. Har de god tid og moglegheit til å bruke fleire dagar så er det absolutt å anbefale. Me tenkjer 5 dagar som eit godt utgangspunkt.</p>

	<p><b>Oppseding.</b> De som foreldre/føresette har hovudansvaret for oppsedinga av barnet dykker. Oppsedinga i barnehagen skal skje i nær forståing og samarbeid med heimen. I foreldresamtalar, på foreldremøter og gjennom dagleg kontakt vil personalet grunngje verdistandpunkt som er knytte til oppsedinga.</p> <p><b>Oppseiing.</b> Barnehageplassen må seiast opp seinast 1 mnd. føre barnet skal slutta, gjeldande frå 1. eller 15. i kvar månad. Plassen kan ikkje seiast opp med verknad etter 1. april utan at ein må betale for resten av året.</p> <p><b>Overgangssamtalar.</b> I månadsskifte mai/juni har ped.leiarane på Blomane og Sommarfuglane overgangssamtalar i lag med foreldre og lærar på skulen barnet skal begynne på. Internt i barnehagen vert det òg gjennomført overgangssamtalar når barna skal over på ny avdeling.</p>
<p><b>P</b></p>	<p><b>PBL.</b> Barnehagen er medlem i PBL, private barnehagers landsforbund. Dette er ein stor organisasjon som arbeider for oss private barnehagar med alt som kan vere utfordrande/vanskeleg inn mot t.d. kommunen. Det er trygt å ha ein seriøs organisasjon i ryggen når ein skal fronte ulike saker.</p> <p><b>PBL-A.</b> Barnehagen er medlem av Private Barnehagers Landsforbund, Arbeidsgiverseksjonen. Dei tilsette har tariff og pensjonsavtale.</p> <p><b>Personale.</b> Barnehagen fylgjer den lovfesta bemanningsnorma, og har til saman 15 årsverk i grunnbemanninga. Nokre år har me i tillegg til dette ekstraressursar til barn med spesielle behov. Krav om auka pedagogbemanning førte til at me må ha 7 årsverk pedagogressurs i staden for 6 slik det var tidlegare.</p> <p><b>Planar.</b> Alle foreldre får månadsplan/brev for si avdeling/gruppe kvar månad. Her får de info om tema-arbeid i den komande perioden, målsetjingar og metodar. Utover dette har me òg ein årsplan som er eit rettleiande dokument og legg føringar for innhaldet i barnehagen. Årsplanen gjeld for barnehageåret. Planar m.m. finn de i kalenderen i Kidplan</p> <p><b>Planleggingsdagar.</b> Barnehagen har 5 planleggingsdagar i løpet av året. Barnehagen er stengd desse dagane. Datoar for planleggingsdagane finn de i årsplanen og på heimesida.</p> <p><b>Portane.</b> Både de foreldre og personalet er ansvarlege for at portane på uteområdet alltid er lukka. Portane skal lukkast sjølv om det ikkje er barn ute. Me opplever til tider at barna klatrar på porten og gjerdet i forbindelse med hentesituasjonen og ynskjer at de er med og set grenser for barna dykker i høve til dette. Bare VAKSNE har lov å opne/lukke porten.</p>
<p><b>R</b></p>	<p><b>Rammeplan.</b> Denne planen er utarbeida av Kunnskapsdepartementet og gjev retningslinjer for innhaldet, verdigrunnlaget og oppgåvene til barnehagen.</p> <p><b>Reinhald.</b> Barnehagen nyttar reinhaldsbyrå til dagleg reinhald. Barnehagen vert vaska etter at barnehagen er stengt på ettermiddagen. Personalet har òg sine oppgåver for å halde det ryddig og reint inne på avdelingane.</p>

	<p><b>Ressurs-gruppe.</b> Alle barnehagane i Hå kommune har ei ressursgruppe. Denne er samansett av representantar frå barnevernet, helsestasjoner, PPT-kontor og barnehage. Målet med samarbeidet er tidleg registrering og hjelp til dei barna som evt. måtte "streva" litt.</p>
S	<p><b>Samarbeidspartnarar.</b> Barnehagen har samarbeid med fleire andre fag-institusjonar som t.d. PPT-kontor, Helsestasjon, Barnevernteneste, m.fl. Me får hjelp frå desse dersom me har barn som treng litt ekstra oppfylling. I løpet av året vil de møte fleire andre i personalet enn dei som er fast tilsette. Det kan vere elevar frå Tryggheim vidaregåande skule som har elevar her frå fleire av dei ulike linjene ved skulen. Tryggheim ungdomsskule og Nærø ungdomsskule nyttar òg barnehagen til utplassering av elevar i «arbeidsveke» og Time Vidaregåande skule har òg hatt elevar her. Sidan barnehagen er ei IA-bedrift har me òg personar i arbeidspraksis her.</p> <p><b>Samarbeidsutval, SU.</b> Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ og er samansett av eigarrepr., foreldrerepr., tilsette sine repr. komm. repres. og styrar for barnehagen.</p> <p><b>Sjukdom hjå barna.</b> Barnehagen nyttar smittevernlækjar sine anbefalingar når det gjeld råd om kor tid barna bør vere heime. Barna har det best heime når dei ikkje er i form og personalet tek kontakt dersom barnet t.d. får feber i løpet av dagen i barnehagen. Innimellan har me «epidemiar» t.d. svært mange som er råka av omgangssjuke. Då gir me melding om dette til alle foreldre.</p> <p><b>Skuleklubb.</b> Siste halvår føre barna skal begynna på skulen har me "skuleklubb" for dei i barnehagen. Dei vert då delte i mindre faste grupper på ca. 5-10 stk.. Me ynskjer ikkje at det siste året i barnehagen skal bli eit år med "venting" på skulestart så difor me "held igjen" dette til vårsemesteret. Vårsemesteret vert barna inviterte til «besøksdagar» på skulen dei tilhøyrer.</p> <p><b>Sosial kompetanse.</b> Dette er eit av satsingsområda når det gjeld det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Me nyttar ulike pedagogiske opplegg i dette arbeidet som t.d. «Livsmestring».</p> <p><b>Soving.</b> Barna som sov om dagen, sov i «skutane» i «eigne» vogner. Foreldre har ansvar for at vognene er godt i stand og at barna kan sikrast med godkjent sele når dei sov.</p>
T	<p><b>Telefon.</b> Kontor: 51 43 45 80 eller mob.nr. 92428708 Avd. Perlene: 47467430 Avd. Stjernene: 47482257 Avd. Blomane: 47463957 Avd. Sommarfuglane: 47463957</p> <p><b>Turar.</b> Dei ulike avdelingane har turdagar som vert fastsette for kvar mnd. Ein prøver å variere litt på dagane slik at dei som har redusert plass òg får vera med på tur innimellan..</p>
U	<p><b>Utvida praktisering av kristen føremålsparagraf.</b> NLM sine barnehagar har ein utvida kristen føremålsparagraf. Det inneber at me ser barna i lys av eit kristent menneskesyn, som skapt av Gud og med uendeleg verdi. Barnehagen ska bidra til barna sin personlighetsutvikling på alle områder, inkludert den åndelege dimensjonen. Han skal gje kjennskap til Bibelen og kristen tru og legge grunnlag for eige valg. Barna skal merka i haldning og handling at dei er verdsette. Livet er meir enn det synlege. Me ynskjer å formidle til barna at trua på Gud gir oss andre verdiar enn dei materielle. Han ynskjer at me skal ta vare på kvarandre og alt han har skapt.</p>

	Barna skal få ein himmel over sitt liv.  <b>Utetid.</b> I barnehagen vår får barna god tid til leik ute. Dette gjer me for at barna skal få eit best mogleg opphold i barnehagen, og delen av utetid vil tilpassast til veret og barna sin trivsel. Utetida vil òg vera tilpassa barnet sin alder. Barna på Perlene, avdeling for dei yngste barna, er som regel ute på føremiddagane sidan dei sør etter lunsj.
V	<b>Vandelsattest.</b> Alle tilsette må legge fram godkjent vandelsattest frå politiet før tilsetjing.  <b>Vedtekter.</b> Vedtekten vert delte ut til alle "nye" i barnehagen. Dersom det skjer endringar i vedtekten som har betydning for dykk, vert alle gjort merksame på det.  <b>Verdiplattform.</b> NLM har utarbeida ei verdiplattform for sine barnehagar. Denne finn de på heimesida vår.  <b>Vikarar.</b> Me opplever til tider at personalet må vere heime grunna eigen sjukdom eller sjukdom hjå eigne barn. I slike høver har me nokre faste "ringevikarar".  <b>Visjon.</b> Preg barnehager har felles visjon for alle sine barnehager: <i>Gammen om å sette vedifulle spor</i> <b>Vurdering.</b> Tilsette, barn og foreldre tek del i barnehagen sitt vurderingsarbeid.
X	<b>X-tra klede</b> Barna må ha skifteklede i barnehagen. Kva, kor mykje m.m kan du få tips om hjå personalet.
Z	<b>ZZZzzzummm...</b> Insekt som veps, bier, humler og klegg finst òg i barnehagen. Viktig at personalet vert gjort merksame på allergiar hjå barna i høve til stikk eller liknande.
Ø	<b>Økonomi.</b> Barnehagen sine inntekter kjem frå foreldrebetaling og tilskot utbetalt frå kommunen. Omlegging i utrekning av tilskot har ført til svært liten forutsigbarhet og mykje frustrasjon for personalet i barnehagen. Barnehagebygget er finansiert gjennom lån i Husbanken. På utgiftssida er løn den største posten saman med kapitalkostnader. Budsjett og rekneskap blir lagt fram for eigarstyret.
Å	<b>Årsplan.</b> Barnehagen arbeider etter ein årsplan. Denne legg ramene for barnehagen si drift, innhald, og mål. Årsplanen gjeld for barnehageåret.

er det meir de lurer på så er det bare å ta kontakt 😊